


Oppigarden barnehage



INFORMASJONSKRIV

Oppigarden barnehage

2023-2024



Volda
kommune

Innleiing

I dette informasjonsskrivet vil de finne litt informasjon som kan vere greitt å vite for de som har barn her i Oppigarden barnehage.

Innhaldet for kommande barnehageår vil bli konkretisert i barnehagen sin årsplan, som kjem ut i oktober.

Nytt barnehageår startar tysdag 1.august 2023.

Vi i Oppigarden barnehage ser fram til eit godt samarbeid i året som kjem!

Volda, 15.juli 2023



Synne Buer

Lov og avtaleverk

Det er mange lover og regler som gjeld for barnehagedrifta. Dette er eit utval av viktige lovverk og planar for oss:

- ◆ Lov om barnehagar med føreskrifter ([Barnehagelova](#))
- ◆ Rammeplan for barnehagen, 01.08.17 ([Rammeplan for barnehager](#))
- ◆ Stortingsmeldingar som omhandlar barnehagar
- ◆ FNs barnekonvensjon ([Barnekonvensjonen](#))
- ◆ Kommunale vedtekter ([Vedtekter for kommunale barnehagar](#))
- ◆ Kvalitetsplanen for sektor opplæring og oppvekst i Volda kommune. Denne gjeld fram til vi får ny og oppdatert kvalitetsplan. [Oppvekstplan 2022-2027](#)

Adresse:

Oppigarden barnehage

Heltnevegen 13

6103 Volda

E-postadresse: (kjem ny til hausten)

Telefonnummera:

Styrar: 46 88 33 22

Revehiet: 48 04 75 49

Bjørnehiet: 48 05 87 31

Solstova: 48 03 43 11

Trollstova: 48 03 77 26

Eigar

Volda kommune

Samarbeidsutval/arbeidsutval/foreldreråd

Samarbeidsutvalet i barnehagen er samansett av:

4 foredrerepresentantar (1 frå kvar avdeling)

2 representant frå personale

1 representant frå Volda kommune

Styrar i barnehagen er skrivar

Samarbeidsutvalet sine oppgåver:

- vere eit samarbeidsorgan for foreldra, personalet og eigar
- godkjenne årsplanen
- uttale seg i saker som vedkjem barnehagen.
- Vere med på å ta avgjersler som vedkjem barnehagen

Arbeidsutvalet

- Barnehageåret 2022-2023 hadde vi ikkje arbeidsutval. Foreldrerådet må vurdere om vi skal ha dette i barnehagen. (Foreldrerådet kan sjølv avgjere om dei ynskjer å opprette eit arbeidsutval/FAU)
- Oppgåver:
 - Medarrangørar på festar og dugnad i barnehagen

Foreldrerådet

Barnehagen er sett saman av foreldre/føresette til barn i barnehagen. Foreldrerådet sin funksjon er å fremme samarbeid mellom heim og barnehage. Rådet kan ta for seg saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Rådet har uttalerett i slike saker.

Meir info om dei ulike utvala: Nasjonalt foreldreutval for barnehagar [Informasjon om foreldreråd og samarbeidsutval i barnehage](#)

På fubhg.no finn de også ein del anna informasjon som kan vere fint å vite om.

Vigilo

Oppvekst sitt nye oppvekstadministrative program frå 1.august 2023 heiter Vigilo. Edlevo går ut 31.7.23. Systemet er nytt både for de foreldre og for personalet. Viktig at vi øver oss ilag og er tolmodige med kvarandre. I appen skal det etter kvart ligge samtykkeerklæring. Her skal de foreldre gå inn og gi samtykker. og trekke samtykker tilbake. Endringar i telefonnummer og adresser leggst også inn her. Viktig at alle sjekkar at dei opplysningane som ligg inne på Vigilo er korrekte. Gjer de endringar i samtykker eller andre opplysningar, ver vennleg å sei i frå til avdelingane, vi får ikkje varsel.

Vi kjem ikkje til å nytte alle moglegheitene i systemet med ein gang. Vi må gå steg for steg og startar med innsjekking og utsjekking i tillegg til kommunikasjon med dokke. Vi anbefaler alle å laste ned foreldreappen for å gjere kommunikasjonen med barnehage (og skule for de som har skulebarn) enklast mogleg, men det er også ein moglegheit å gå inn på nettsida.

<https://vigilo.no/for-foresatte/>

Helseerklæring

I Barnehagelova § 23 står det at alle barn som skal starte i barnehagen må legge fram erklæring om helsestilstand før dei kjem i barnehagen for første gang. Dersom barna har møtt til ordinære undersøkingar på helsestasjonen, kan de foreldre fylle ut skjema sjølv. Dette vil sannsynlegvis vere mogleg å gjere i appen, vi får sjå i august ☺ Dersom de ikkje er muleg vil vi nytte papirskjema.

Sjuka barn og smittevern

Barnehagen følger råd frå helsetenesta lokalt og helsedirektoratet. [Barnehage, syke barn - NHI.no](#)

Barn som er sjuke skal ikkje i barnehagen.

Omgangssjuka og diare: Barn med diaré /oppkast kan vende tilbake til barnehagen to døgn etter at de har blitt symptomfrie.

Når barna blir sjuke i løpet av dagen tek vi kontakt. Vi måler ikkje feber, det alltid barnas allmenntilstand som er avgjerande.

Barn i krise

I løpet av livet vil alle oppleve kriser. Mange barn opplever det tidleg i barndommen. Barn reagerer forskjellig på kriser. Dei veit ikkje alltid kva dei skal føle og vil kanskje ikkje snakke om det som skjer. Ver tolmodige, ikkje ha forventningar til barna om korleis dei skal føle. Ver tilgjengeleg, sjå dei og lytt til dei. Ikkje legg ord i munnen eller fortel dei korleis dei skal føle. La barna få sørge på sin måte.

«Ved en livskrise vil ikke små barn reagere slik som voksne eller store barn gjør. Små barn reagerer på konsekvenser av krisen. Det er derfor små barn tilsynelatende kan leke videre når de får et alvorlig budskap. Dersom kjente, trygge voksne rundt dem også forandrer seg ved at de gråter, skjelver, eller på andre måter endrer atferd, blir barna sterkt påvirket» ([kriser-og-sorg-i-barnehagen](#))

Om barnet har opplevd eller opplever noko som er vanskeleg heime, er det viktig at barnehagen får informasjon frå dokke foreldre. Fortel oss gjerne korleis de gjer det heime. Barn reagerer på endringar hos dei nære rundt seg. Da er det godt å kunne snakke med ein vaksen i barnehagen. Vi har teieplikt.

Krisereaksjonar hos barn kan skyldast

- alvorleg sjukdom eller død i familien eller i nær omgangskrins.
- skilsmisse og flytting
- at nokon i barnehagen mister foreldre, søsken, eller at noko skjer med tilsette eller andre barn i barnehagen
- at barnet trur at foreldre, søsken eller det sjølv er i fare
- ulykker eller andre kritiske situasjonar barnet ser eller høyrer om
- skremmande hendingar som blir formidla i media

Legg ved lenke til foreldrehefte «når barn opplever kriser og sorg»

Kjelde: [Kriser og sorg i barnehagen \(udir.no\)](#)

Forsikring av barn i barnehagen

Volda kommune har forsikra alle barn i barnehagen i KLP forsikring:

«SKADER INNTRUFFET I BARNEHAGETIDEN, PÅ DIREKTE VEI TIL OG FRA SKOLEN/BARNEHAGEN Forsikringen dekker nødvendige behandlingsutgifter i inntil 3 år fra skaden inntraff begrenset oppad til 1G av forsikringssummen. Egenandelen utgjør 0,010G. Utgifter til behandling hos private klinikker dekkes ikke. Ved tannskader dekker forsikringen nødvendige behandlingsutgifter forutsatt at disse ikke dekkes av den offentlige tannhelsetjeneste. For tannskader gjelder ikke 3-årsregelen absolutt. Forsikringen kan dekke første permanente tannbehandling (bro, krone o.l.), selv om behandlingen finner sted senere enn 3 år fra skadedagen. Oppgjør, på grunnlag av omkostningsoverslag fra tannlege eller tanntekniker, skal likevel foretas innen 10 år fra skadedagen».

Samarbeidspartnarar

- Oppvekstkontoret
- Helsestasjonen
- TSG (Tverrfagleg samhandlingsgruppe)
- Andre barnehagar i Volda kommune
- Skulesektoren
- Andre sektorar i Volda kommune
- PPT
- Ressursteam
- Høgskulen i Volda
- Opplæringskontoret Søre Sunnmøre
- Barnevern
- Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk

Ved behov samarbeider vi også med andre.

Opningstider

Barnehagen er ope måndag-fredag kl. 7.15-16.15

Dersom eit barn blir henta for seint, ver greie å meld i frå så tidleg som mogleg. Dette både av omsyn til personalet si arbeidstid og at vi blir bekymra. Personalet vil ringe dei som står oppført som kontaktpersonar dersom barnet/a ikkje blir henta. Dersom vi ikkje får kontakt med nokon innan rimeleg tid vil vi kontakte politi for å legge ei plan vidare.

Ved for seint henting kjem dei ei kostnad, dette vil bli ordna via fakturering. Dei siste åra har beløpet vore 150,- for kvar påbegynte halve time. Her kan det komme endringar.

Levering og henting

I bringe- og hentesituasjonar overtek foreldra ansvaret når dei har tilkalla barnas merksemd og vist at barna har blitt henta. Viktig at de er sikre på at personalet har fått med seg at barna er henta. Ta av motoren på bilen når de leverer eller hentar barna. Ikkje parker framføre porten eller søppelkassane. NB! Den næraste parkeringsplassen er reservert til sykklar. Ikkje parker syklane inne.

Planleggingsdagar for 2023-2024

- 7.august 2023
- 18.august 2023
- 4.oktober 2023
- 10.mai 2024
- 14.juni 2024

NB!! Noter ned dagane.
Barnehagen er stengt

Ferie

I Volda kommune er alle barnehagar stengt i tre veker. Sommaren 2024 er det allereie bestemt av årets SU at barnehagen er stengt i veke 28,29 og 30. SU for barnehageåret 2023-2024 bestemmer for sommaren 2025. På den måten blir det enkelt for foreldra å planlegge ferien.

Hugs at alle barna skal avvikle minimum 4 veker i løpet av eit barnehageår. De står fritt til når den siste veka skal takast ut i ferie (kan vere 5 enkeltdagar). Viktig å melde frå enten i appen eller i avdelinga at barna har ferie. Vanleg fri går ikkje på feriedagar.

I vedtektene § 8 står det:

Alle barn skal ha fire veker ferie, derav tre veker samanhengande om sommaren. Barn som skal starte på skule, skal avvikle ferien før nytt barnehageår startar. Barna sin sommarferie må vere fastsett innan 01.05. inneverande år.

Jul og påske

Jul- og nyttårsaftan er det stengt.

Onsdag før skjærtorsdag er det ope til 12.

Vi kjem ut med digitalt ferieskjema (kanskje via Vigilo) før jul og påske, viktig at alle skriv ned tida barna skal vere i barnehagen desse vekene slik at vi kan planlegge best mogleg utnytting av personalressursen.

Matordning

Frukost: Dei barna som ikkje et heime, tek med mat, mjølk blir servert i barnehagen. Frukost varer fram til ca. kl. 9.

Vi serverer to måltid pr. dag

1.måltidet, mellom 10.30 og 11 dekker vi på med brød og knekkebrød. Ein dag i veka er det varm mat.

Av pålegg har vi t.d.: Kaviar, brunost, prim, kvitost, leverpostei, makrell i tomat, kjøttpålegg, fiskepudding, av og til sylte, agurk, tomat, paprika.

2.måltidet, mellom 13.30 og 14 eit mindre måltid, som oftast brødsriver og knekkebrød, med frukt til dessert. Av og til får barna Yoghurt.

Det finst [retningslinjer for mat og måltid i barnehagen](#). Disse retningslinjene fokuserer på sunn mat og lite sukker/fett. Det er eit mål at mat i barnehagen skal fremme gode kostvanar og helse. Vi ynskjer at frukosten barna har med seg er sunn og næringsrik.

Bading

Oppigarden har lang tradisjon i å tilby bading. I år tilbyr vi bading i oktober, november, januar og februar. Badinga er delfinansiert av foreldra. Det vil bli skrevet ut rekning i desember og i mars/april. Beløpet for bading er sett til 50,- pr. barn pr. gang. Det er mogleg å reservere seg for bading. Kontakt styrar eller avdelinga for å reservere dokke.

I tillegg til denne badinga har oppvekst eit gratistilbod til alle barn som er født 2018 på hausten (frå slutten av august) og for alle 2019 barna til våren/sommaren. Her er det snakk om 6-7 badingar på kvar gruppe.

Personalet i Oppigarden barnehage 2023-2024 (her kan det plutselig bli endringar)

Bjørnehiet:



Trude L. Bjørneset
Pedagogisk leiar



Anne Nedreberg
Barnehagelærer



Kari-Anne Stenersen
Fagarbeidar



Marte-Beate Fure
Assistent
Revehi og Bjørnehi




Richel Batuigas
Assistent
Revehi og Bjørnehi

Revehiet:



Sissel Helset
Pedagogisk leiar



Veronica P. Hammer
Barnehagelærer



Ann-Helen Wang
Fagarbeidar



Marte-Beate Fure
Assistent
Revehi og Bjørnehi

Trollstova:



Synnøve Hagen
pedagogisk leiar



Heidi F. Aklestad
barnehagelærer



Hilde S. Beinnes
fagarbeidar




Tove-Elin Røbekk
assistent



Habiteab
lærlingkandidat

Solstova:



Jariya Sigdestad
pedagogisk leiar



Elise H. Eltvik
barnehagelærer



Mariann E. Helset
fagarbeidar



Edina Heltne
lærling



Synne Buer
Styrar